

## **Kommunestyret behandla saka den 19.06.2007, saksnr. 25/07**

### **Behandling:**

Ordføraren informerte om søknad sendt Regionrådet 14.juni om tilskot til å vidareutvikle og konkretisere prosjektet. Kommunen søker om prosjekttilskot på totalt kr 450 000 med ei prosjektperiode på tre år.

Hallvor Lilleslett (V) fremma sitt forslag frå formannskapet på nytt:

- til punkt 4: Rådmann, ordførar og rektor ved Gol skule blir medlem i styret for prosjektet.

Mona Norhaug Faleide (SP) foreslo

- Nytt punkt 9: Fullføring av prosjekt Hallingmo blir gjennomført etter følgande prioritering:
  1. Bygging av ny skule, 1.-7.kl v/Hallingmo
  2. Bygging av storhall
- Nytt punkt 10: Prosjektlederstilling må lysest ut med krav om faglige kvalifikasjoner.

Ordføraren orienterte ytterlegare om det finansielle og presiserte at når det gjeld "partnerskapsmidlane" så er det f.t. tale om ei innstilling, medan Regionrådet i sitt fyrstkomande møte vil avgjera søknaden om midlar frå det regionale næringsfondet.

Andre som hadde ordet:

Jan Nordahl (FRP) foreslo saka utsett til det nye kommunestyret er etablert.

*Til utsettingsforslaget:*

Innlegg frå Hallvor Lilleslett, Jan Nordahl, Helge Feet, Tore Dag Skjerdal.

Utsettingsframlegget vart nedvotert med 15 røyster, mot 6 som røysta for utsetting ( representantane frå Fremskrittspartiet og Høyre,og Olaug Grønseth Granli, AP).

Kari Beate Lilleaas (SV) foreslo:

Nytt punkt 4:

Rådmann og ordførar i Gol blir medlem i styret for prosjektet. Vidare blir ein representant for lokalt næringsliv, ein for idrett, ein for kultur og ein for skulane som omfattar Hallingmoprosjektet invitert til å vera med i styret saman med representant frå regionrådet, ein representant for idrettskretsen og fylkeskommunen.

**VOTERING:**

Ordføraren gjennomgjekk innhaldet i forslaga i punkt 4.

1. Tiltrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke, som rammevedtak.
2. Tilleggsframlegget frå Lilleslett vart nedvotert med 19 mot to røyster frå Venstre.
3. Tilleggsframlegget frå Lilleaas vart vedteke med 14 mot 7 røyster.
4. Tilleggsframlegget, punkt 9 frå Norhaug Faleide, nedvotert med 16 mot 5 røyster
5. Tilleggsframlegget, punkt 10 frå Norhaug Faleide, vedteke med 13 mot 8 røyster.

*Etter avslutningen av denne saka var det pause i møtet før oppstart på nytt med sak 26.*

### **Vedtak:**

---

Adresse: Gamlevegen 4	Telefon: 32 02 90 00	Bankgiro: 23240500051
Poststad: 3550 Gol	Telefaks: 32 02 90 10	Bankgiro skatt: 78550506172
www.gol.kommune.no	E-post: postmottak@gol.kommune.no	Org.nr.: 00964952612

1. Kommunestyret ynskjer å vidareutvikle Hallingmo-området som eit samfunnsbyggande prosjekt med regional betydning der idrett, aktivitet, arrangement, kunnskap, kultur og forebyggande helse er i sentrum slik som foreslått i forprosjektrapporten ”*HALLINGMOPROSJEKTET – et helt univers av nye muligheter ...*”.
2. For å vidareutvikle og konkretisere konseptet med sikte på realisering blir det oppretta eit sjølvstendig prosjekt. Det blir etablert eigen prosjektorganisasjon med prosjektleiar og eige styre med 5-7 medlemmer. Gol kommune er prosjekteigar
3. Prosjektet blir berekna til tre år med ein årleg kostnad på kr 750 000. Gol kommune yter 1.8 mill til prosjektet frå midlar avsett til investeringar. Det blir arbeidd vidare med fullfinansiering av prosjektet med tilskot frå andre finansieringskjelder. Dersom dette ikkje lykkast blir finansieringa vurdert på nytt av kommunestyret i løpet av prosjektperioden.
4. Rådmann og ordførar i Gol blir medlem i styret for prosjektet. Vidare blir ein representant for lokalt næringsliv, ein for idrett, ein for kultur og ein for skulane som omfattar Hallingmoprosjektet invitert til å vera med i styret saman med representant frå regionrådet, ein representant for idrettskretsen og fylkeskommunen
5. Rådmann får ansvar for å opprette prosjektorganisasjonen i tett samarbeid med dei andre aktørane som blir representert i styret for prosjektet.
6. Kommunestyret er budd på eventuelle ”prosessvedtak” i løpet av prosjektperioden.
7. Eventuelt ekstra midlar til reguleringsplanarbeid og oppstart av dette blir vedteke i eige sak.
8. Målsetjinga er at før prosjektperioden er slutt skal Hallingmo vera klar for fysisk oppstart og realisering.
9. Prosjektleiarstilling må lysast ut med krav om faglege kvalifikasjonar.